

ADVISORWEST
Storebotn 57A
5309 KLEPPESTØ

Dato	14.09.2022
Vår referanse	2022/82403-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

**Merknad - nabovarsel - tilbygg - gnr. 322 bnr. 106 - Frekhaug - Alver
kommune**

Vi viser til nabovarsel datert 01.09.2022. Varselet gjeld tilbygg på eksisterande fritidsbustad, og bygging av eit frittstående anneks.

Vi mottok varselet som eigar av fylkesveg 564 Rosslandsvegen. Vi har og ei rolle som forvaltar av fylkesveg.

Merknad til nabovarsel

Det er vedlagt ein søknad om dispensasjon frå byggegrense til fylkesvegen. Eigedomen er regulert til fritidsbusetnad i «Reguleringsplan for Mjåtveitmarka», og søknad om dispensasjon skal difor sendast til Alver kommune som planmynde.

Vi legg merke til at eigedomen ikkje er sikra tilkomst gjennom reguleringsplankartet. Det ser ut til at eigedomen brukar ein tilkomst på nordsida av eigedomen og køyrer over gang- og sykkelveg som ligg langs fylkesvegen, som vi meiner er uheldig. Vi ber om at kommunen ser på tilkomsten for eigedomen i samband med søknad om dispensasjon for bygging.

Vi vil uttale oss til søknad om dispensasjon frå byggegrensa når vi får saka tilsendt for uttale frå Alver kommune.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4